

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 6

Advent 2022

Årgang 88 år



Foto: Toril Hjartåker Hauge

Med ønskje om ei fin adventstid og ei fredfull juletid

FUSA sokn

Fusa kyrkjecontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Dagleg leiar/ass. kyrkjeverje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Kyrkjeverje

Kristine Fjeld 41 42 68 59

Trusopplæring

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøn 97 71 17 23

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Kyrkjeternarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

*Bladpengar er kr. 250,- pr. år
Utanbygds kr. 350,- pr. år*

REDAKSJONEN:
Kyrkjekontoret
v/Hans Einar Markhus



Sei noko om Jesus!

Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutselig ringde svært sent ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelplause, som sauver utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Halvor Nordhaug



JULEFEST

Velkommen til julefest på Eikelandsosen bedehus, tysdag 27. des. kl. 18.00.

Det blir tale og song, god mat, juletregong og godtepose til barna.

Arr: Festkomiteen

Avsluttar tenesta

Kyrkjelydsarbeidar Eirun Bjotveit Fonneland avsluttar si teneste i



Fusa 1. desember. Ho startar då i ny jobb som kyrkjelydspedagog i Alver i Nordhordland. Fusa sokneråd takkar Eirun for tenesta i Fusa og ynskjer ho lukke til i ny jobb!

Vikar på sentralen

Dagleg leiar i Fusa frivil-ligsentral, Victoria Tverli Dale, går ut i fødselsper-misjon no i desem-



ber månad. Vikar for Victoria blir Hildegunn Myrlid Eide. Ho startar i vikariatet 1. desember. Hildegunn bur i Eikelandsosen og er eit kjent ansikt for mange i Fusa-bygdene. Det neste året blir det ho du møter når du tek kontakt med frivilligsentralen – ta vel imot ho!



Slik er diakonien i Fusa sokn

Margun Eide sit på sin eigen tram og stråler. Slik har ho skine opp mangt eit inngangsparti i løpet av dei siste år. Saman med to andre livlege damer dannar ho vårt næreste diakoniutval. Eit utval har nok dei fleste aning om kva er for noko, men diakoni... Kva er no det? - Diakoni er å gjera noko, svarer Margun kontant. – Det er å glede nokon.

Tekst og foto:Toril Hjartåker Hauge

Det finst mange måtar å gjera folk glade på. Diakoniutvalet i Fusa sokn bruker mest denne metoden: - Me lagar i stand bukettar, lys eller andre gaver og reiser rundt og deler ut til personar me trur vil setja pris på det, gjerne eldre menneske som sit mykje åleine. Ein sjeldan gong veit folk at me kjem, men som oftast dukkar me opp utan varsel.

- Kva seier folk til slike overskingsbesøk? lurer eg. – Kvekk dei til og er skeptiske? - Nei, det ser ut til at dei liker det. Eg trur me er ein

frisk pust. Me tøyser og tullar og gjev oss ikkje før dei ler, dei òg. Det ser ut som det er godt for dei. Og det er godt for oss også, føyer ho til og legg begge hendene mot hjarta sitt. – Det er veldig gjevande å møta folk på denne måten. Me får så mykje tilbake!

Å gjera halleluja

- Når folk opnar døra, presenterer me oss og seier at me kjem frå kyrkjelyden og har med ein bukett eller noko anna som me vil gje dei.

Dei røper altså ikkje for folk at det er sjølvaste Diakoniutvalet som står framfor dei der i dørropninga. Den nemninga vil kanskje verka framand og skapa avstand. Men det er no den tittelen utvalet har fått, og det med god grunn.

Diakoni har vore del av kristendomen sidan opphavet. Jesus sa om seg sjølv at han var komen for å tena. (Matt 20:28, Mark 10:45.) Då evangelistane skulle skriva det ned på gresk, brukte dei ordet diakonésai om denne oppgåva. I løpet av apostlane si tid vart diakon eit embete, og gjennom kyrkja si vide og kronglete historie har det hatt ymse innhald, men alltid med den same kjernen: Å tena andre, å vera til hjelp. Mens presten først og fremst skal forkynna evangeliet, skal diakonen framfor alt gjera Guds ord, rett og slett leva evangeliet.

I Fusa sokn har ikkje diakoni vore nokon eigen profesjon. Her har kyrkjeleg omsorg vorte utført av tilsette i andre stillingar, og av tallause frivillige. I lange tider har tenestene funnest utan at det greske ordet for dei vart brukt, men i seinare tid er det historiske bakteppet synleggjort gjennom Diakoniutvalet. Prosjekta i utvalet er ofte eit samarbeid med Fusa frivilligentral. Det er fellesskap og handling som står i fokus, og det er ingen lett jobb, for - som så mange har erfart i ulike samanhengar - : Det er enkelt å sei halleluja, men å gjera det...

Margun fortel vidare om korleis det går føre seg.



Me tøyser og tullar og gjev oss ikkje før dei ler, dei òg.

Ikkje berre brød, og ikkje berre ord. Litt skøy må også til.

- Det har hendt at det er julebrød me har hatt med oss i korgene våre. Me bakte brøda heime hos kvar av oss; ikkje berre me tre i utvalet, det var andre som trødde til òg. Eg bakte 16, trur eg, og til saman delte me ut hundre brød. Folk vart så lykkelege! Det skulle nesten berre mangla; Margun er nemleg proff i bakst. I 30 år arbeidde ho som kokk på Hålandsdalen leirskule. Elles har ho lang erfaring med å laga trivelege stunder for folk, særleg heime på Klyngetunet sitt på Eide. Her har ho tatt godt imot turistar så vel som elevar, enten dei kom frå leirskulen og eller frå lokale barneskular på sine kommunale «Fusa-nista»-turar. Som utsending frå diakoniutvalet er det Margun sjølv som kjem på besøk, men smilet og den skøyaraktige tonen er nok den same.

Det er kanskje ikkje moro og skjemt ein først tenkjer på når ein høyrer ordet diakoni, men Margun påstår at dei tre frivillige diakonisse ne me har her i soknet, er ein lystig gjeng, og når ho røper at det forutan ho sjølv dreier seg om Eldfrid Midtrød, og at Bodil Samnøy er sjefs-diaconissa, er det vel ingen som tvilar på det. - Me har vore saman i mange år og surrar godt i lag, seier Margun.

Sjølv vart ho med i utvalet etter at ho slutta i fast jobb for tretten år sidan. No er ho blitt åtti og eldre enn mange av dei ho besøker, men nett det er ingen grunn til å gje seg. - Så lenge eg får leva og ha helsa, så held



Det er lett å tru på Margun når ho seier ho blir glad av å glede andre.



eg fram. Det er utruleg kjekt å få vera noko for nokon!

Det er berre kvinnenamn Margun nemner i samband med diakoniutvalet. Når eg spør om dei ikkje saknar menn, stussar ho eit sekund, som om ho aldri har kome på at *det* er noko å sakna. – Nei, kjem ho fram til. - Me har ikkje sakna menn. Så legg ho til: - Men dei er lette å be når det trengst. Den gongen då alle julebrøda skulle ut, stilte mange opp som sjåførar og var med og leverte. Me hyrer dei inn etter behov.

Lys på allehelgensdag og når som helst elles

Tenesta dei frivillige diakonane gjer, kan minna om det å vera besøksvenn, ei ordning som gjerne blir organisert av Røde kors eller kommunar rundt om i landet. Margun har så vidt vore inne i den tenesta òg, og forklarer forskjellen. - Som besøksvenn har du oftast faste avtaler med ein bestemt person eller ei bestemt gruppe. Me som er frivillige diakonar, arbeider meir spontant og bind oss ikkje til regelmessige besøk og gjeremål.

“

Det er utruleg kjekt å få vera noko for nokon!

Utalet kjem saman i eit par-tre møte i året og avgjer kva dei skal finna på for å nå ut til folk og glede dei. – Kor mykje futt og fart det er i uttalet, varierer frå år til år. Dei siste åra har det vore ganske mykje futt.

Utalet har altså stor makt over eige virke, men éin del av tenesta er blitt så mykje av ein tradisjon at dei neppe kan velja han vekk, – ikkje ynskjer dei det heller. Mellom anna ein ny tradisjon som starta i fjor, nemleg å dela ut lys på allehelgensdag. Alle som har mista nokon det siste året, får denne fyrste søndagen i november eit kvitt lys, fint pakka inn og med eit bibelvers knytt til seg. Utdelinga skjer på gudstenesta i Fusa kyrkje, der dei



To gode naboar: Hålandsdalen kyrkje og husfrua på Eide klyngetun.

pårørande er særskild inviterte.

Dei andre tiltaka og besøka er ikkje taktfaste og prikk like frå eitt år til neste. Damene legg ofte opp til noko sprell i tida før jul, men nett når dei kjem, og kva dei har med seg, er ikkje godt å vita. Alt dei har kome med til no, har blitt godt tatt imot, både brød, blomar og lys, samtalar og skjemt. Ikkje minst det plutselege avbrekket i ein kanskje veldig stille

kvardag er det mange som set pris på. Nettopp derfor må det ikkje skje på akkurat same vis kvart år; det skal ikkje bli ein vane.

Utalet skal ha sin fridom, og folk si overrasking. Gåver og gleder er på sitt beste når dei ikkje er venta, men brått ringjer på døra og berre står der.





Jul i Bruktbuo

Butikken bognar av flotte julevarer. Alt frå moderne til nostalgisk julepynt. Hos oss kan du også få julehandelen unnagjort. Me har noko for ein kvar smak. Me sel i tillegg Etiopisk kaffi til inntekt til Brannskadde born i Etiopia.

Smart for lommeboka – godt for miljøet!



JULELOTTERI

til inntekt til Childens burn & Woud care foundation:

Fine heimelaga gevinstar,
kr. 10 på lodd. Du kan også kjøpe lodd via Vipps (542161), merk med «loddosal og telefonnummer».
Trekning torsdag 15. desember.



TYSDAGSKLUBB

Andre tysdag i månaden er den handarbeidstreff/tysdagsklubb i Bruktbuo mellom kl. 11-13. Neste gong er 13. desember. Dette er for alle interesserte. Ta med deg handarbeid og 10 kroner til kaffien. **Velkommen til ei sosial stund!**



Matgåve til jul – Matglede til jul

Det vil også i år bli matgåve innsamling til familiar og enkelpersonar i lokalsamfunnet vårt. I fjar var det heile 30 ulike matkasser som blei delte ut, det viser at behovet er stort!

Har du lyst å vere med å glede nokon til jul?

Du kan vippse ein valfri sum til 90436 Fusa sokn (og velg kategori «Matgåve til jul») eller du kan leggje matvarer oppi handlevogna som står ved Spar på Fjord`n senter. Det er også mogleg å setje pengar innpå konto-nummer 3530.25.86215 Merk med «matgåve».

Frist for å gje matgåve er laurdag 17. desember.

Kunne dul/din familie tenkje seg ei matgåve til jul?

Me treng ingen grunngjeving, det einaste du treng å gjere er å melde det inn til dagleg leiar på Fusa frivilligsentral. Det kan gjerast på telefon 56580114, eller på e-post Fusa.frivilligsentral@kyrkja.no. Tilbodet er tausheitsbelagt, det er ingen andre enn dagleg leiar og eventuelt sokneprest som veit om kven som får matgåver, då det er dei som deler ut matgåvene.

Arr.: Fjord`n senter, Nav Bjørnfjorden, Fusa sokneråd, Lions Club Fusa og Fusa frivilligsentral.



Kor godt kjenner du juleevangeliet?

Juleevangeliet frå Lukas 2 dei fleste kjenner godt. Men kor godt? Prøv deg sjølv og set inn dei orda som manglar i teksten:

I dei dagane lét Augustus lysa ut at det skulle takast over heile Dette var gongen dei tok manntal, og det hende medan var landshovding i Då fór alle, kvar til sin, og skulle skriva seg i


Også drog då frå byen Nasaret i og opp til, til som heiter Betlehem, for han høyrd til Davids og ætt og skulle skriva seg der saman med, som var lova til han. Ho venta då Og medan var der, kom tida då ho skulle føda, og fekk son sin, den Ho han og la han i ei krubbe, for det var ikkje for dei.

Det var gjetarar der i området som var ute på og heldt over flokken sin om Med eitt stod ein engel framfor dei, og Herrens herlegdom kringom dei. Då vart dei gripne av stor Men sa til dei: «Ver redde! Sjå, eg kjem til med bod om ei stor glede, ei glede for folket: I dag er det fødd ein i by. Han er, Herren. Og det skal de ha til: De skal eit barn som er og ligg i ei krubbe.» var det ein stor himmelhær saman med; dei lova Gud og:

- «Ære vere Gud i det høgste,
og på jorda
blant menneske Gud har i!»

Då hadde fare attende til, sa til kvarandre: «Lat oss gå inn til og sjå dette som har hendt, det som har for oss.» Så skunda seg dit og fann Maria og Josef og det barnet som låg i Då dei fekk det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette Alle som på, undra seg over det gjetarane fortalte. Men gøynde alt dette i sitt og på det. Og gjetarane vende Dei og Gud for alt dei hadde og; alt var som det var sagt dei.





T u l i m e

Forskarane er usamde om når tid Jesus vart fødd. Dei er kome til at Jesus vart fødd litt før år 0, basert på Bibelen og på astronomi.

«Det er kjent at Dionysius bommet med minst 4 år i sin tidsregning» Wikipedia

For oss vanlege er dette ikkje veldig viktig eigentleg, det viktige var hendinga som skjedde.

Men: Kor lenge er 2000 år? Kjemp-lenge! Kan vi få hjelp til å begripe ein slik tidsperiode?

Min metode heiter Gen. - Generasjonar!

Ca. for 2022 år sidan no, byrja ei ny tidsrekning; før og etter Kristus seier vi. Lat oss no rekne ein generasjon som 30 år. Det er lenge for eit barn, men ikkje veldig lenge for ein vaksen.

Det betyr at den første julen var for 67 generasjonar sidan ($30 \times 67 = 2010$) Og slik sett hører alle me som lever no til 68. generasjon etter Kristus. Ved å rekne i geneasjonar ser vi at ja, 2000 år er lenge, men ikkje uendeleg lenge. Det **er** mogeleg å tenke seg 67 generasjonar. Garden eg bur på kan vi følgje 11 generasjonar tilbake. Lenge? Ja, men ikkje uforståeleg lenge.

Det motsette er **Æva**. Som den observante leser veit, æva er eit anna ord for evighet, eller eternity. I Gen er berre eit glimt av æva. Det er 11 Gen også, eller 2000 år; 67 Gen. No-

kon tenkjer på æva som ein sirkel eller også dette teiknet:




Æva, det er altfor stort å tenkje på. Det er like stort som Gud, passar ikkje inn i vår tanke eller vårt språk. Heldigvis kom Kristus til verda for å gjere noko med dette. Han gjorde Gud litt meir forståeleg, menneskeleg.

År null

Faktum er at vår tidsrekning startar ved fødsel til eit lite barn. Dette finn eg meir enn merkeleg: Eit lite anonymt barn fødd anonymt i eit fjøs i ein liten landsby utafor storbyen. Sjølv hendinga er ikkje spesiell, nærmast normal, vil eg tru.

Men at denne fødselen har fått gjenomslag som eit tidsskilje i historia til menneske, det er rart! Tenk deg at det skjedde i dag, at ein president fekk eit barn og forlangte: «Med dette barnet skal me starte ei ny tidsrekning! Ikkje berre i vår familie, ikkje berre i vår by, i vårt land, men i heile verda! All historie må skrivast om, alle kalendrar kastast - vi må nullstille oss!»

Denne presidenten ville få kort tid i White House. Men at det skjedde i Betlehem i usle kår, kanskje var det ein kjempeidé? For no kunne mange identifisere seg med det som skjedde, og berre ein, nemleg Herodes, følte makta si truga. Det må ha vore høgare makter med. Underleg. År null. Origo.



ed år null

Mange menneske i dag likar ikkje skrivemåten 2022 e.Kr. fordi den innhold Kristus, som dei ikkje trur på. For oss andre er dette eit mirakel, eit under, som kløyvde historien i to - før og etter Kristus. Det vart tidskilje, epokeskilje, ny tidsrekning for milliardar av menneske. Origo heiter det på mattespråket, der tallinja sin X-akse og Y-akse kryssar. Origo er jo origin, opphavet. Korset, krysset vert tidsskilje.

Ny tidsrekning - meir om generasjonar

Lat oss tenkje oss at me heretter ser stort på ting. Me prøver å lese historia med 30-års briller. Det bety at me ikkje reknar tida i år, men i generasjonar, d.v.s. i 30-års syklus. Eg vil

kalle ein generasjon for 1 Gen. Som sagt, me lever no i Gen 68 e.Kr.


Denne måten å rekne på er litt uvant, men gjev store fordelar!

Det blir no lettare å forhalde seg til lange tidsperspektiv! Det gjev også inntrykk av usikkerheit, som der er med alt gamalt.

Eit menneske som har levd i 2 Gen, d.v.s. 60 år har passert ein viktig milepæl, ja etter det er kvar dag ein bonus. Nokre av oss får oppleve 3 Gen, men ingen så langt har opplevd 4 Gen! Når vi les Matteusevangeliet kap. 1, ser vi at denne måte å rekne på ikkje er ny:

«Slik er det i alt 14 slektsledd frå Abraham til David, 14 ledd frå David til bortføringa til Babylon, og vidare 14 ledd til Messias.»

Altså 42 Gen frå Abraham til Jesus! Lenge, men meir forståelig: Sleksledd er Gen! Genialt!



Korset, the origin, som kløyvde historia i to

| HENDING | TID ETTER KRISTUS I GEN (generasjonar) |
|------------------------------|---|
| Kristus fødd | 0 |
| Kristus på jorda | I |
| Vikingtida | 30 |
| Martin Luther, reformasjonen | 51 |
| Andre verdenskrig | 65 |
| Internett utvikla | 67 |
| År 2010 til 2040 | 68 |

«Det er ei tid for å fødast, ei tid for å døy, ei tid for å planta og ei tid for å riva opp det som er planta.»
Sitat frå 10 Gen f.Kr. (Forkynnaren 10.3)

Ole Bjørn Eikeland

BARNAS

Finn 10 navn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?



| | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Å | F | J | O | D | E | L | I | J | Q |
| U | B | E | T | L | E | H | E | M | A |
| M | E | S | S | I | A | S | N | A | U |
| U | L | U | I | G | U | G | G | R | G |
| J | O | S | E | F | F | J | E | I | U |
| O | L | P | Å | S | W | E | L | A | S |
| N | A | S | A | R | E | T | X | Ø | T |
| S | M | A | K | K | I | A | L | F | U |
| I | P | S | I | D | U | R | K | I | S |
| K | R | U | B | B | E | A | Y | V | I |
| I | R | A | B | A | B | R | A | B | Ø |

Finn fem feil!

Engelen fortel gjeterane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen


Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Fargelegg!





Fiberkabelen var komen til Strandvik-bygda, og i førjulstida sat både store og små og utforska det store Internettet.

Ein av dagane var presten på besøk på skulen. Han las frå juleevangeliet og barna sat storaugde og lytta intenst.

«Då det ikkje var plass til dei i herberget», las presten, «måtte Josef og Maria overnatte i ein stall».

«Det var Josef sin feil!» ropte vesle Anna. «Han burde gått inn på nettet og bestilt før dei reiste frå Nasaret!»

GLORIA!

-Av og med Fusa Soul Children

Søndag 11. desember kl. 11.00 er heile familien velkommen på Familiemix-gudsteneste i Eikelandsosen bedehus.

Heile denne gudstenesta blir gjennomført av Fusa Soul Children – ein god gjeng flotte og flinke tweens (4.-7. klasseingar) som tek seg av alt i denne gudstenesta. Velkommen til ei gudsteneste med mykje song og musikk av og med tweens!



Foto: Norunn Markhus

16 flinke tweens i Fusa Soul Children klare for å gjennomføra Familiemix-gudsteneste for alle!



Døgntelefon

56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no



Alt innen malerarbeid og tapetsering



Tlf. 90 80 15 38

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma



MAN-FREDAG 09.00 - 19.00
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12



Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!
Spør etter gratis prøvepakke,
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

<https://signeg.goherbalife.com/nn-no>

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend

Tlf.: 96 92 46 50

post@lhjertnes.no

www.lhjertnes.no

Nær
Butikken

P. H. Haugen

Landhandel - Sævareid

tlf. 56583110

e-post:

narbutikken.severeid@narbutikken.no

VESTLANDSKE LIMTRE
INDUSTRI AS

3642 HOLMEFJORD

Tlf 56 38 07 00

Fax 56 38 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner

Limtre - beslag - takstoler - takverk

post@vlimtre.no

www.vlimtre.no

Fusa
Ferdigbetong as
5640 Eikelandsosen



Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10

Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no

ah MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880

E-post: firmapost@alfhjelle.no

SPAR

Fusa

8-21

9-20

Man-fre
Lørdag
Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

BERGE ELEKTRONIKK
Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766

Opningstider: Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15



Eide

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa

Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

STRANDVIK
Transport og Maskin AS
* 5643 STRANDVIK □ strandvik.no □ dulten@online.no
56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88
post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker

**BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s.**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLEÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30

Tlf. privat: 56 58 51 19

Telefax: 56 58 11 99

Mobil: 970 63 526

E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN



Norheimsund
TRYKKERI AS



BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandsosen@bunnpris.no



Tombre

www.tembre.no

REISENE BESTILLER

VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no

www.solheimelektro.no



SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med forsikring, lån, sparing og plassering.

VI ER HER

www.spv.no



Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR
FRÅ BJØRNAFJORDEN



Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40
post@tonnegarden.no - www.tønnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historieformidling på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ
OMSORG VED LIVETS SLUTT
DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05



Hordaland A/
Rørteknikk A/S



56 58 09 90

hordalandrørteknikk.no

post@hrt.as

Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk leverandør.

Godkjent lærebodrift i rørleggerfaget.

Besök vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Stroyma
Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN

Tlf. 56 58 00 20

Vi er til hjelpe for deg og de nærmeste i tiden etter at en nær slekting eller venn har gått bort.
Du skal vite at du kan kontakte oss når som helst, dag eller natt. Vi har alltid tid til å hjelpe deg!

En verdig og trygg avskjed

BJØRNAFJORDEN GRAVFERDHJELP

Amfi Os (inn. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00
E-post post@bjornafjordengravferdhjelp.no

SPAR
Eikelandsosen

Opningstid

8-21

Laurdag

9-20

Tlf. 56 58 00 90

leiglandbygg.no
LB
5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no





Jule- og adventskonsertar i kyrkjene våre



Søndag 4. desember kl. 19.00

Julekonsert i Fusa kyrkje med kora «Koralrevane» og «Kor(t) pusten». Billettar i døra.




Laurdag 10. desember kl. 19.00

Julekonsert Hålandsdal kyrkje med det lokale ensemblet «Walking Fields». Billettar på www.walkingfields.weebly.com og i døra.



Søndag 11. desember kl. 19.00

Julekonsert Strandvik kyrkje med det lokale ensemblet «Walking Fields». Billettar på www.walkingfields.weebly.com og i døra.



Fredag 16. desember kl. 19.00

Tradisjonell julekonsert i Strandvik kyrkje med lokale aktørar. Kollekt til Kirkens Nødhjelp.



Søndag 18. desember kl. 17.30

Tradisjonen tru blir det «Ni skriftlesingar og julesongar» i Fusa kyrkje denne ettermiddagen 4. søndag i advent. Kollekt til Kongshaug vgs.



Gudstenester i Fusa sokn

20.11.2022 - 19.02.2023

| Dato | Kl. | Stad | Gudstenesteform | Kyrkjeåret |
|-----------------|-------|-------------------------|-------------------------|-----------------------------|
| November | | | | |
| 20.11. | 11:00 | Fusa kyrkje | Gudsteneste | Kr. kongedag |
| 20.11. | 16:30 | Sævareid kapell | Gudsteneste | Kr. kongedag |
| 20.11. | 19:00 | Eikelandsosen bedehus | Ungdomsgudsteneste | Kr. kongedag |
| 27.11. | 11:00 | Strandvik kyrkje | Gudsteneste | I. søndag i advent |
| 27.11. | 16:30 | Sundvor kyrkje | Gudsteneste | I. søndag i advent |
| Desember | | | | |
| 04.12. | 11:00 | Hålandsdal kyrkje | Gudsteneste | 2. søndag i advent |
| 11.12. | 11:00 | Eikelandsosen bedehus | Familiemix | 3. søndag i advent |
| 18.12. | 16:30 | Fusa kyrkje | Nine Lessons and Carols | 4. søndag i advent |
| 24.12. | 11:00 | Fusa bu og beh. senter | Gudsteneste | Julaftan |
| 24.12. | 14:00 | Sundvor kyrkje | Gudsteneste | Julaftan |
| 24.12. | 14:00 | Strandvik kyrkje | Gudsteneste | Julaftan |
| 24.12. | 15:00 | Bygdaheimen, Holmefjord | Gudsteneste | Julaftan |
| 24.12. | 16:00 | Hålandsdal kyrkje | Gudsteneste | Julaftan |
| 24.12. | 16:00 | Sævareid kapell | Gudsteneste | Julaftan |
| 25.12. | 11:00 | Fusa kyrkje | Høgtidsgudsteneste | Juledag |
| 31.12. | 18:00 | Fusa kyrkje | Gudsteneste | Nyårsaftan |
| Januar | | | | |
| 01.01. | 11:00 | Hålandsdal kyrkje | Gudsteneste | Nyårsdag |
| 08.01. | 11:00 | Eikelandsosen bedehus | Familiemix | Kristi openberringsdag |
| 15.01. | 11:00 | Fusa kyrkje | Gudsteneste | 2.søndag i openberringstida |
| 15.01. | 16:30 | Sævareid | Gudsteneste | 2.søndag i openberringstida |
| 15.01. | 19:00 | Eikelandsosen bedehus | Ungdomsgudsteneste | 2.søndag i openberringstida |
| 22.01. | 11:00 | Hålandsdal kyrkje | Gudsteneste | 3.søndag i openberringstida |
| 29.01. | 11:00 | Strandvik kyrkje | Lekmannsgudsteneste | 4.søndag i openberringstida |
| 29.01. | 16:30 | Sundvor kyrkje | Lekmannsgudsteneste | 4.søndag i openberringstida |
| Februar | | | | |
| 05.02. | 11:00 | Fusa kyrkje | Lekmannsgudsteneste | Såmannssøndag |
| 05.02. | 16:30 | Sævareid kapell | Lekmannsgudsteneste | Såmannssøndag |
| 12.02. | 11:00 | Eikelandsosen bedehus | Familiemix | Kristi forklæringsdag |
| 19.02. | 11:00 | Fusa kyrkje | Gudsteneste | Fastelavnssøndag |
| 19.02. | 19:00 | Eikelandsosen bedehus | Ungdomsgudsteneste | Fastelavnssøndag |

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Frå KYRKJEBØKENE



Gravferd

Sævareid kapell

30.09.2022 Inger Elise Engevik, f. 09.02.1935
06.10.2022 Svanaug Markhus, f. 27.12.1934

Strandvik kyrkje

07.10.2022 Nina Vik, f.23.05.1949 (Bisetjing)
12.10.2022 Hans Kåre Osebakken, f. 05.11.1945

Fusa kyrkje

26.10.2022 Arne Holmefjord, f. 30.10.1931

Hålandsdal kyrkje

28.10.2022 Jenny Kristina Bjørndal, f. 26.07.1924



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

Sidan sist



Friluftsklubben Noah held koken – her med Leander, Tobias og Lucas på fiskedag i Skogseidvatnet.



Fjord'n barnekor med Agatha i godt driv!



Bingokveld på KLUBBEN – jammleg møtest rundt 50 tweens på KLUBBEN sine kveldar på Eikelandsosen bedehus!

FUSAKALENDEREN

Fusakalenderen 2023 er komen for sal! Temaet i år er «Vår i Fusa». Bilete av ein staseleg vær på vårbeite, teken av Beate Holmefjord, illustrerer temaet godt. Med dette blinkskotet vann Beate tevlinga om å pryda årets kalender i sterk konkurranse med mange andre gode bidrag. Takk til alle innsendarar og takk til juryen.

Kalenderen får du m.a. kjøpt på kyrkjekontoret. Han kostar kr. 150 og inntekta går til barne- og ungdomsarbeidet i soknet.

